



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
11.10.2018  
Dykkar dato  
20.06.2018

Vår referanse  
2015/511 421.4  
Dykkar referanse  
14/7378

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Samordna uttale med motsegn til reguleringsplan for Fv57 Skodvin - Vågseidet - gang og sykkelveg**

Vi viser til melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fv57 Skodvin - Vågseidet – gang og sykkelveg. Vi viser og til brev av 22.12.2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om *Delegering av myndigheit til å samordne statlege motsegner til kommunale planer etter plan- og bygningsloven*.

Fylkesmannen har fått høyringsfrist til å gje samordna uttale til etter dialogmøte mellom kommunen og Fylkesmannen.

#### Bakgrunn

Føremålet med reguleringa er etablering av tilbod for mjuke trafikantar langs fylkesveg 57 frå Skodvin til Vågseidet. Strekinga er på om lag 3,2 km. Planen skal sikre god kopling mot tilgrensande vegnett for mjuke trafikantar. Ved Skodvin skule er det planlagt ei gangbru for planfri kryssing av Fv57, slik at gang- og sykkelvegen frå Konglevoll koplaster saman med den nye gang-/sykkelvegen i dette prosjektet.

#### Fylkesmannen si vurdering

##### Gauleelva

Vi er i hovudsak einig med kommunen i at planen er godt gjennomarbeid, men vi er uroa over nokre vurderingar kring naturmangfald knytt til vassdrag. Vi viser til at planforslaget opnar for inngrep i Gauleelva. Vi forstår det slik at det kan føre til utslepp til elva som går ned i Fjellangervågen. Fjellangervågen er ein del av vassførekomsten Lindåspollane (0261040204-C Lindåspollen), som er eit svært spesielt vassøkosystem med dårleg og til svært dårleg økologisk tilstand. Det er svært lite vassutskifting og eit sårbart system. Fjellangervåg er dermed særst ueigna som resipient. Det bør difor gjerast særlege tiltak for å avgrense utsleppa til Fjellangervåg mest mogleg.

Fjellangervåg er elles ein del av Lurefjorden og Lindåsosane som er foreslått som marint verneområde.

Det er fleire føresegner som omhandlar inngrep i vassdrag (1.4, 4.7, 5.1, 6.2, 6.4, 6.6 og 8.3.2). Her er det mange gode intensjonar om «*minst mogleg inngrep*», «*overvaking i anleggsfasen*» og «*i størst mogleg grad avgrensar skade på natur og miljø*». Fleire av føre-

segnene er lite konkrete og gir stort rom for tolking. Planen bør vere klar på kva inngrep som er naudsynte og føresegna bør innehalde konkrete tiltak for å hindre skade på natur og miljø.

Vi kan ikkje sjå at mogleg utslepp til Fjellangervågen er omtalt og vurdert. Vi meiner det må gjerast.

### Ål

Vi vil også peike på at det er ål i området. Europeisk ål er oppført som sårbar (VU) i norsk raudliste for artar. Det må difor vurderast ei føresegn som konkret sikrar at oppvandringa til ålen ikkje vert påverka negativt av planen. Her må det takast med at tiltak ikkje skal snevre inn elveløpet eller bidra til å auke vasshastigheita slik at ålen ikkje kjem seg opp.

### Kantvegetasjon

Vi vil også minne om at kantvegetasjonen langs vassdrag generelt er særleg verna, jf. vassressurslova § 11. I føresegn 6.2 står mellom anna at «*kantvegetasjon skal søkjast reetablert der det er mogleg*». Vi vil minne om at kantvegetasjonen i utgangspunktet ikkje skal fjernast utan løyve.

### Mellombels rigg- og anleggsområde

Føresegnene er ikkje tydelege nok på tilbakeføring av områda. I føresegn 2.4 står det:

*«Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at anlegget er teke i bruk, skal areal for anlegg- og riggområde, i størst mogeleg grad tilbakeførast til tilsvarande stand som områda hadde før anleggsstart, eller til nytt føremål gitt i plan.»*

Vi vurderer det som uklart kva som skal skje i desse områda ved tilbakeførsel. Det er uvisst om det til dømes skal verte dyrka mark i område som vert regulerte til LNF med vekt på landbruk eller om det skal det tilbakeførast til skog eller myr. Dete må konkretiserast.

### Støy

I hovudsak er oppfatninga vår at planforslaget tar støy på alvor, men føresegna om støy er litt uklar med mange atterhald. Vi vil rå til at det vert lagt til i føresegn 7.3 at støy skal handsamast i samsvar men YT-plan pkt. 8.4.

### Utvida dialog med kommunen

I tråd med rutinane for den statlege samordninga har Lindås kommune og Fylkesmannen ønska eit dialogmøte om planen, før Fylkesmannen tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Møtet vart halde den 28.09.2018 i Statens hus.

### Til stades frå Lindås

- Ståle Juvik Hauge, leiar i Plan- og miljøutvalet
- Christian Hagerup Reinshol, arealplanleggar
- Hans Kristian Dolmen, rådgjevar
- Irene Dale, prosjektleiar for reguleringsplanen (Statens vegvesen)
- Kjerstin Myre, tidlegare prosjektleiar for reguleringsplanen (Statens vegvesen)

### Til stades frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann
- Kjell Kvingedal, avdelingsdirektør
- Egil Hauge, fagdirektør
- Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar

### Tema som vart drøfta

Hovudtemaet som vart drøfta var avrenning til Fjellangervåg. Det er i anleggsfasen det er fare for avrenning til vågen. Det er eit tema som må utgreiast særleg og som må innarbeidast i både planskildring og føresegner.

Kommunen tok Fylkesmannen si vurdering til orientering. Vi oppfatta at det var semje i møtet om at det skal arbeidast vidare med planen for å sikre at det ikkje vert skadeleg avrenning til Fjellangervåg. Riggområdet ved Gauleelva kan reduserast og planskildring og føresegn må oppdaterast. Det bør vere ein dialog med miljøvern- og klimaavdelinga hjå Fylkesmannen i vidare arbeid.

### Konklusjon

Fylkesmannen konkluderte med at det i denne saka var naudsynt å fremja motsegn mot manglande vurdering og omsyn til avrenning til Fjellangervåg. Fylkesmannen ber elles kommunen vurdere merknader til planen som ikkje konkret vart diskutert på møtet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER